

Kap. 4.12 Instruks – Utleige med og utan overnatting

INSTRUKS VED BRANN

- Varsle alle i bygningen ved å løyse ut brannmeldarar.
- Ta ikkje med bagasje ved rømming.
- **Varsle brannvesenet over telefon – 110**
- Etter evakuering går alle til tilvist samlingsplass og blir der til nødvendig registrering er gjort.

Utleigar sitt ansvar

Utleigar har ansvaret for at krava i dette avsnittet blir oppfylt.

- Alle avvik/manglar påpeikt i rapportar frå branntilsyn og anna korrespondanse frå brannvesenet skal vere retta.
- Utleigar skal dele ut denne instruksen til leigetakar, til leiarane for gruppene som overnattar, samt til nattevakter.
- Utleigar skal vise leigetakar rundt og gjere denne kjent med rømmingsvegar, samlingsplass, rutinar for varsling og handtering av utstyr for brannsløkking.
- Ved overnatting:
 - Alle rømmingsvegar frå overnattingsrom til det fri skal være ryddige og oversiktlege. Dører i rømmingsvegar skal slå ut og være lette å opne og ha panikkbeslag eller innvendig vrider. Lyset i rømmingsvegar (korridorar) skal være tent.
 - Utleigar/brannvernansvarleg skal, i samarbeid med eigar sin representant (brannvernleiar), gjennomføre ein risikovurdering der branntryggleiken i aktuelle rom for overnatting blir vurdert. Risikovurderinga skal være dokumentert skriftleg og ein kan nytte Kap. 3.1 Risikovurdering og handlingsplan til dette. Eksemplar på moment til risikovurderinga:
 - Er det brannvarslar i overnattingsromma?
 - I kva for etasje ligg dei aktuelle romma? Med tanke på tryggleiken, er det forsvarleg å overnatte høgare oppe enn 1.etg?
 - Er det god tilkomst og nærleik til brannmeldarar, rømmingsvegar og sløkkeutstyr?
 - Kor mange personer skal ein tillate ved overnatting i dei aktuelle romma?
 - Utleigar skal informere eigar (brannvernleiar og områdeleiar) om utleige med overnatting.
 - Nattevakta skal ha telefon der det er tydeleg oppslag med alarnummer til brannvesen, politi og legevakt.
- Det lokale brannvesen skal ha beskjed minst 4 veker før skulen/lokala skal nyttast til store arrangement og overnatting. Kontakt det lokale brannvesen for rutine for melding. Meldeskjema «Kap. 4.13 Instruks - Melding til brannvesenet ved store arrangement og overnatting» kan nyttast viss det ikkje finst andre rutinar.

Leigetakar sitt ansvar

Leigetakar har ansvaret for at krava i dette avsnittet blir oppfylt.

- Leigetakar skal peike ut ein brannansvarleg, evt. fleire brannansvarlege ut frå størrelsen på arrangementet. Brannansvarleg har dette ansvaret:
 - Holde alle rømmingsvegar opne i leigeperioden.
 - Varsle alle i bygningen ved å løyse ut brannmeldarane.